

1 **F17: Start bygging av ny jernbane og rassikker veg** 2 **– stopp Hordfast!**

3 **Framleggsstillar:** Marthe Hammer, gruppeleiar fylkestingsgruppa

4 **Innstilling fylkesstyret:** Avvisast til fordel for F16.

5
6 Denne våren ventar vi berre på ei investeringsbeslutning for ein ny rassikker veg og
7 ny jernbane Arna – Stanghelle. Det såkalla K5 alternativet, der ny rassikker veg og
8 jernbane vert bygd parallellt og er kvarandre sine rømingstunnellar, er planavklart og
9 klart for realisering. Regjeringa sin uthaling av dette prosjektet er svært
10 bekymringsfullt. For ein må ikkje tru at Arna – Stanghelle er sikra.

11 Berre siste veke viser kor usikkert dette er. Da kunne det nye høgerebyrådet varsle at
12 dei ville ha omkamp om Hordfast, som prioritert prosjekt frå Bergen. Framleis er den
13 største trusselen mot realisering av K5 Hordfast. Ein må ikkje tru at ny jernbane og
14 veg Arna – Stanghelle er sikra, og at Hordfast er kasta på skraphaugen. Til tross for
15 prosjektet er i strid med vedtekne regionale og nasjonale klimamål, som Klimaplan for
16 Vestland og Parisavtalen og Naturavtalen, og legg opp til uakseptabel øydelegging av
17 verdifull natur i Sunnhordland, over Bjørnafjorden, i Stord, Tysnes og Os, så vedtok
18 både eit fleirtal i fylkestinget i juni at Hordfast skal byggast i løpet av neste 6 års
19 periode (!), og sist veke kunne ein altså lese at det nye Høgerebyrådet i Bergen
20 varslar omkamp om Hordfast. Det bør uroe alle som vil ha meir rassikring, jernbane
21 og bybane i Bergen. Hordfast vil føre til meir trafikk inn mot Bergensområdet og gjere
22 det vanskelegare å få gjennomført ambisjonane om nullvekst i biltrafikk. Prosjektets
23 skisserte kostnader er uakseptable og det er openbart at det ikkje er midlar til alle
24 prosjekt. Derfor bør dette også uroe regjeringa, og det bør få regjeringa til å komme
25 med ei investeringsbeslutning no.